

Saksbehandlar: Sissel Espe, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/654-4

Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2016 / 2017 vert vedteken slik den ligg føre.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1: Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2016 / 2017

SAKSFRAMSTILLING

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesdirektøren for opplæring legg med dette fram Plan for kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring 2016 / 17. Tiltaka i planen byggjer på ei kartlegging og vurdering av kompetansebehova på dei vidaregåande skulane, i PPT og til opplæringskontora. Rektorane har ansvar for å sjå kompetansebehovet på eigen skule og i regionen i samanheng. Rektorane i kvar region har hatt samrådsmøte om behova for komande skuleår. Opplæringskontora har vurdert kompetansebehovet for faglege leiarar og instruktørar.

Det er lagt opp til nasjonale satsingar på kompetanseutvikling også for 2016. Satsinga omfattar etter og vidareutdanning for pedagogisk personale, tilsette i PPT og i fag- og yrkesopplæringa. Der er det lagt opp til at nasjonalt nivå skal tilby studieplassar til vidareutdanning. Etterutdanninga skal vere praksisnær, vare over noko tid og innebere refleksjon og utprøving mellom samlingane. Arbeidsplassen skal vere læringsarena.

Vidareutdanning

Ved tildeling av nasjonale vidareutdanningsplassar vert det til vanleg stilt krav til skuleeigar om finansiering. Vidareutdanning i matematikk og naturfag har ikkje eigendel for skuleeigar. Staten betaler 75%, og resten må lærarar som tek vidareutdanning dekke som eigeninnsats. Utgiftene er stipulerte til ein sats på 180000 kr per 30 studiepoeng. Eigendelen i andre fag enn realfag vert dekkja av skulane.

For vidaregåande skular i fylket er det eit avgrensa tal studieplassar som det kan søkjast på.

Fylkesdirektøren har førebels fått inn 45 søknader frå lærarar. Det vert søkt Utdanningsdirektoratet om vidareutdanningsplassar til 29 lærarar. Fylkesdirektøren har prioritert søkjarane til vidareutdanning i norsk, matematikk, engelsk, yrkesfagpedagogikk og migrasjonspedagogikk.

Fylkesdirektøren vil også legge til rette for at fleire av mellomleiarane og rektorane får ta del på den nasjonale rektorskulen. I år er det to søkjarar. I tillegg har fylkesdirektøren dette skuleåret også arrangert etterutdanning for mellomleiarar i kunnskapsbasert leiing, noko som vert fylgt opp med ny samling vår/ hausten 2016. Profesjonelt leiarskap er ein føresetnad for skuleutvikling, og i dette arbeidet er rektorar og mellomleiarar heilt avgjerande. Fylkesdirektøren ønskjer å nytte meir av ressursane til å utvikle leiarane.

Etterutdanning

Fylkesdirektøren prioriterer etterutdanning gjennom skulebasert kompetanseutvikling innanfor tema som er skildra i kompetanseplanen. Skulane kan søkje midlar til dette hos fylkesdirektøren.

Ekstern skulevurdering som metode for skuleutvikling

Ekstern skulevurdering er pedagogisk utviklingsarbeid som baserer seg på kvalitetsutvikling innanfor eit bestemt område, pedagogisk og/ eller organisatorisk, som skulen sjølv har bestemt. Område vert bestemt ved at skulen gjennomfører ein ståstadsanalyse med alle tilsette og finn samanfallande utfordringar mellom denne analysen og elevundersøkinga. Målet er at verktøya skal gje ein peikepinn på kvar skulen står i høve ulike læringsområde som til dømes vurdering for læring, tilpassa opplæring og klasseleiing. Eit anna viktig mål med skulevurderinga er å ta vare på skulen som ein lærande organisasjon, vidareutvikle arbeidsfellesskapet og belyse skulen sin gode praksis. Utvikling i skulen vil skje dersom ein gjennom systematisk planlegging inkluderer mange aktørar ved skulen, og held fram utviklingsprosessane over tid. Ekstern skulevurdering legg til grunn at begge desse faktorane skal ivaretaast.

Fylkesdirektøren vil ha skulevurdering som metode for skuleutvikling og blir etablert som ein del av kvalitetssystemet. (Sak 3/2016 i HO)

Skulane kan, etter ekstern skulevurdering, søkje om midlar til vidare oppfølging hos fylkesdirektøren.

Etterutdanning i PPT

Dei statlege midlane til PPT skal nyttast til gjennomføring av etterutdanning innafor fylgjande prioriterte område:

- Organisasjonsutvikling/endringsarbeid
- Læringsmiljø og gruppeleiing
- Rettleiing og rådgjeving
- Fleirspråklegheit
- Fleirkulturell kompetanse

Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa

Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa har dei siste åra vore retta mot hospiteringstiltak. Ordninga med statleg støtte gjeld førebels ut 2017. Målgruppa for etterutdanningane er yrkesfaglærarar, tilsette i PPT, rådgjevarar, faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter og prøvenemnder. Skal hospiteringa føre til auka kompetanse må hospitanten ta del i relevante arbeidsprosessar. Skuleleiinga må vere ein pådrivar og leggje til rette for hospitering. Fylkesdirektøren ynskjer framleis å prioritere denne satsinga og målet er at dette skal auke samarbeidet skule – arbeidsliv. Kunnskapsdepartementet si satsing på kompetanseheving for fag- og yrkesfaglærarane, «Yrkesfaglærarløftet», har som ei av sine målsetjingar å styrke breiddekompetansen til yrkesfaglærarane. Dette gjeld særleg programfaglærarane på vg1, men også lærarar på vg2. Dei fleste utdanningsprogram skal førebu for mange ulike

lærefag/yrkeskompetansar, og å styrke lærarane sin breiddekompetanse vil truleg gje elevane betre grunnlag for å velje vg2 og seinare lærefag. Fylkesdirektøren vil for skuleåret 2016/17 prioritere hospiteringssøknadar som skal styrke breiddekompetansen i ulike yrkesfag på skulane. Kartlegginga som skulane har gjort vil vere eit godt verktøy når rektorane skal prioritere hospiteringssøknadar.

Samarbeidet mellom bedriftene og lærarar i prosjekt til fordjuping vert også prioritert framover. Det skal medverke til å utvikle lokale læreplanar, til å gjere overgangen frå vg2 til opplæring i bedrift enklare og til å auke gjennomføringa på yrkesfag. Dette vil styrke heilskapen i det fireårige opplæringsløpet.

Tiltak, kostnader og finansiering.

Som ein del av økonomiplanarbeidet utgreier fylkesrådmannen konsekvensar av ulike innsparingstiltak for å møte dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står overfor i åra framover (SFJ 2019). Fylkesdirektøren for opplæring skal i samband med dette m.a. utgreie moglege konsekvensar av å redusere eller ta bort løyvinga til rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale. Økonomiplan 2017-2020 skal handsamast i fylkestinget i juni 2016.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2016 budsjettert med **kr. 2 372 000** i kompetanseutviklingsmidlar. I tillegg til dette søker fylkesdirektøren Utdanningsdirektoratet om statlege midlar til etter- og vidareutdanning for leiarar, pedagogisk personale og PPT- tilsette. I finansieringa tek fylkesdirektøren atterhald om at Utdanningsdirektoratet løyver dei budsjetterte midlane til vidareutdanning. Desse midlane har vi ikkje oversikt over før i mai/juni.

Kompetanse tiltak	Kostnad	Finansiering	
		Statlege midlar	Fylkeskommunale midlar
Vidareutdanning:			
Kompetanse for kvalitet		-	-
Leiaropplæring	400 000		400 000
Etterutdanning:			
Grunnleggande ferdigheiter	1 472 000	500 000	972 000
Vurdering	800 000	500 000	300 000
Ekstern skulevurdering	300 000		300 000
Lærarar som underviser vaksne	175 000	75 000*	100 000
Hospitering	570 000	270 000	300 000
Totalt			2 372 000
PPT			
Vidareutdanning			
Etterutdanning	122 000	122 000	
Fag-og yrkesopplæringa			
Instruktøropplæring	640 000		640 000
Kurs prøvenemnder	600 000	400 000*	200 000
Fagnettverk	200 000		200 000
Totalt			1 040 000
*Tildelte statlege midlar i år +overført frå tidlegare år			

KONKLUSJON/TILRÅDING

Planen for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2016-2017 vert vedteken slik den ligg føre.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑